
Saknr: 2020/36505-1
Saksbehandlar Bjørg Larsen
Dato: 28.01.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Kostnader ved omlegging til miljøvenlege kunstgrasbaner

Vi viser til protokoll frå møte i KULLI 2. desember 2019.

«Hovudutval for kultur, idrett og integrering bør få ei oversikt over ekstrakostnader for kommunane ved omlegging til miljøvenleg kunstgrasbaner i kommunane i Vestland.»

Miljødirektoratet har hatt eit forslag til ny forskrift som skal forhindre spreining av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Høyringsfrist var 31. oktober, men det har førebels ikkje kome noko ny forskrift.

I forslaget til forskrift vart det foreslått:

- Minst 20 cm. høy og tett fysisk barriere rundt banen
- Løysingar for handtering av drens- og overvann som sikrar oppsamling. I praksis betyr dette sandfangarar, rister, nett og kunstgras lagt over kummer.
- Tiltak retta mot spelarar, som t.d. rist ved inngangsparti, gjerder m.m.
- God informasjon overfor brukarar av banen om spreining av fyllmateriale
- Forsvarleg handtering av snø, slik at dette ryddast på eigna område på eller utanfor banen. Dette skal vere tilstrekkeleg sikra mot utslepp.
- Fyllmaterialet skal i størst mogleg grad brukast om igjen, eller leverast til lovleg mottak etter lova om forureining

Krav til dokumentasjon om;

- Kor mye materiale som er fylt på banen og kva det består av
- Kor mye som er fjerna og korleis det er handtert
- Tiltak som er gjennomført for å sikre gjennomføring av krav i forskrifta
- Innsats for å overhalda substitusjonsplikten
- Dokumentasjonen må tas vare på i minst fem år, av omsyn til tilsyn frå Fylkesmannen.

Konsekvensar av forslaget

Kostnadene for den einkilde bane vil variere, og det er stor usikkerheit knytt til anslaga. Miljødirektoratet sitt estimat er på kr 278 000 kr per 11-bane utan tiltak frå før. Mange baner har innført tiltak, og Norges Fotballforbund anslår at kostnaden i gjennomsnitt vil vere kr 191 000 per bane.

Kostnad for rehabilitering av Varden kunstgrasbane i Fyllingsdalen i Bergen kommune var på kr 11,9 mill der ca 1,1 mill utgjorde tiltak for å hindre granulatflukt.

Det er ca 320 baner med vinterdrift på Vestlandet (Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal) .
Kostnad for etablering av snødeponi er anslått til kr 230 000 kroner/bane. Mange kan bruke eksisterande areal til snødeponering eller utvide banearealet på langsidenene.

Kostnadskalkyle utarbeida av Norconsult: (basert på marknadspris frå entreprenør og rådgjevarar

- Kant / mur, betong, h=20-30 cm inkl. graving, fundament: kr 3 000,- / m
- Gjerde (kvalitets-/utførelsesavhengig): kr 600 - 1 200,- / m
- Inspeksjonskum, plast, komplett: kr 10 000,- / stk.
- Sandfangkum, betong, komplett: kr 12 000,- / stk.
- Overvannskum, betong, komplett: kr 15 000,- / stk.
- Granulatoppsamlingskum (avhengig av utførelsen): kr 16 000 - 35 000 / stk.
- Granulatoppsamlingsfilter til eksist. sandfangkum: kr 6 000 - 10 000,- / stk.
- Skobørstar ved inn-/utgong, inkl. montering: kr 2 500,- / stk.

Granulatfritt kunstgras, inkl. pad, oppmerking: kr 360 - 420,- / m² (prisspenn angitt av ulike leverandørar). Utgjer ca. kr 100 - 150,- / m² meir enn tradisjonelle system med gummigranulat. Men granulatfrie kunstgras system innehald betydeleg større mengder strå (altså plast).

Prisene er basert på tidlegare tilbodskonkurransar på nye baner og internett undersøking. Alle priser er eks mva.

For alle tiltak for ein 11-er bane så vil kostnad ut frå dette vere ca 1.6 mill kr + mva dvs 2 mill kr.